


# Årsrapport 2012



JÆRMUSEET



**Innhald:**

- Årsmelding fra styret [side 3-8]
- Museum og vitensenter [side 9]
- Formidling [side 10-19]
- Forvaltning av samlingane [side 20-21]
- Forsking og kunnskapsutvikling [side 22-23]
- Nye prosjekt [side 24]
- Resultatrekneskap [side 25-32]
- Revisjonsberetning [side 33-34]

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET

## Omtale av verksemda

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

## Hovudresultatet i 2012

I 2012 har drifta i Jærmuseet tatt nye skritt framover, og me kan gle oss over gode framsteg og resultat på fleire område.

- Frå 1. januar 2012 er også musea i Sola, med Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum, blitt ein del av organisasjonen Jærmuseet. Dermed driv Jærmuseet anlegg og avdelingar i alle dei sju stiftarkommunane.
- 5. september kunne kulturminister Anniken Huitfeldt opna Nasjonalt Garborgsenter på Bryne. I utstillinga "Mot til å meina, styrke til å skapa" har Jærmuseet vidareutvikla den interaktive formidlinga på nye tema som litteratur, språk, demokrati, livs- og samfunnssyn.
- Tungenes fyr feira 150-årsjubileum og nyopna sjøbruksutstillinga i Tungevågen.
- Det samla besøket i Jærmuseet i 2012 sette ny publikumsrekord med til saman 174.498 gjester!

- Det omreisande realfagstilbodet vårt, Science Circus, nådde ut til heile 11.466 personar i 2012, i Rogaland og Agder.
- I alt blei det gjennomført 93 opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg.
- Jærmuseet har dette året motteke Figgjo AS si samling av eigne produkt, samt dei historiske arkiva med fotosamlingar.
- Sidan 2005 har museet, i samarbeid med andre, prøvd ut metodar for skjøtsel og tilbakeføring av kystlynghei. "Lynghiprosjektet" blei avslutta i 2012.
- Staten v/Kulturdepartementet har i 2012 bevilga 22 mill. til byggetrinn 2 av Vitenfabrikken/rehabiliteringa av Solanvn. 10, med 4 mill. på statsbudsjettet for 2013! Sandnes kommune har og sett av 20 mill. i sitt langtidsbudsjett, og målet er at prosjektet skal vera ferdig i 2016.
- Frå desember 2011 til utgangen av 2012 har Jærmuseet inngått nye sponsoravtalar og fått inn gåver på til saman 22 mill. kroner, i hovudsak til Vitenfabrikken og Garborgsenteret.

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, og på andre måtar, har bidrige til å realisera Jærmuseet sine mål!



Frå utstillinga "Mot til å meina, styrke til å skapa" i Garborgsenteret.

Foto: Jærmuseet

### Avdelingar og anlegg

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2012 driftsansvaret for 59 kulturhistoriske bygningar, 44.328 gjenstandar og 155.264 foto, noko som gir ein tilvekst på to bygningar (Garborgheimen og Knudaheio), 10 203 gjenstandar (i hovudsak frå Figgjo) og 18 635 foto.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvigarden og Audamotland, og hadde pr. 31.12. 2012 driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- Vitengarden, Nærø, med museumsgarden Kviagarden og den historiske garden Audamotland.
- Vitenfabrikken, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.
- Science Circus er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter og oppsøker skular i Rogaland og Agderfylka.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet ("sørvestnorsk vitensenter").
- Hå bygdemuseum med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødal og andre antikvariske bygningar i Hå kommune
- Gjesdal bygdemuseum med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune
- Klepp bygdemuseum med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune
- Randaberg bygdemuseum sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
- Tungenes fyr, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, som er ein del av etatsmuseet for Kystverket, Kystverkmusea, saman med Lindesnes fyrmuseum, Sunnmøre museum/Dalsfjord fyrmuseum og Museum Nord/Lofotmuseet.

- Nasjonalt Garborgsenter, samlokalisert med nytt folkebibliotek i Time.
- Forfattarheimane Garborgheimen og Knudaheio
- Flyhistorisk Museum Sola, lokalisert i Sømmevågen, Sola. Driftsansvar overtatt av Jærmuseet frå 01.01.2012
- Rogaland Krigshistoriske Museum, Soma. Driftsansvar overtatt av Jærmuseet frå 01.01. 2012
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken, og HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til verkskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, vennelag, organisasjonar, skular og lokalbefolkinga.


Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine føresetnader og særlege profil, og arbeida for å utvikla det enkelte anlegg sin særlege og unike karakter, samtidig som ein legg vekt på å synleggjera dei overordna regionale og kulturhistoriske samanhengane anlegga inngår i.

### Overordna mål - møtestad mellom natur, kultur og teknologi

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet skal invitira publikum til opplevingar, deltaking, utforskning, diskusjon og kritisk refleksjon, og særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigkeit, utforskarkrøng, samfunnsengasjement og interesse for teknologi og naturvitenskap.

Museet skal bidra til å fremja lokal identitet og forankring, og samtidig oppmoda til "vidsyn og tvisyn", til interkulturell dialog og internasjonal orientering.

### Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2010	%	2011	%	2012	%
ADMINISTRASJON	14,6	26,7	14,4	26,2	14,0	24,1
DRIFT AV BYGG OG KAFE	16,6	30,3	14,0	25,2	13,9	24,0
FORMIDLING	16	29,3	17,7	31,9	19,2	33,1
NYE UTSTILLINGER	3,7	6,8	4,1	7,4	5,3	9,2
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	3,8	6,9	5,4	9,7	5,6	9,6
	<b>54,7</b>	<b>100,0</b>	<b>55,5</b>	<b>100</b>	<b>58,0</b>	<b>100,0</b>
Fråver			1,8		2,2	
			<b>56,5</b>		<b>57,7</b>	
						<b>61,3</b>

Tala er inklusivt ekstrahjelp og arbeidspraksis.

## Organisasjon

Etter kommunevalet i 2011 blei det oppnemnt nye styrerrepresentantar frå stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune.

Det nye styret overtok på styremøtet 29. mars, etter at det sittande styret hadde avgitt årsrekneskap og årsrapport. Pr. 31.12.2012 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

### Styret

Arne Norheim, styreleiar  
Inglen Haugland  
Tone Brandtzæg  
Espen Aaserud Karlsen  
Mons Skrettingland, nestleiar  
Ane Mari Braut Nese  
Bjørn Kahrs  
Stanley Wirak  
Per Inge Ruud  
Staale Grude Haaland  
Ingeborg Nærland Skjærpe

oppnemnd på fritt grunnlag  
oppnemnd på fritt grunnlag  
Rogaland fylkeskommune  
Gjesdal kommune  
Hå kommune  
Klepp kommune  
Randaberg kommune  
Sandnes kommune  
Sola kommune  
Time kommune  
Tilsette

### Vara:

Torleiv Bilstad  
Tobias Ånestad  
Lisbeth Vikse  
Margunn Nedrebø  
Sveinung Lode  
Torunn Austdal Rasmussen  
Jarle Bø  
Annelin Tangen  
Preben Inge Jørgensen  
Brigt Åge Høyland  
Gunhild Hammeraas

### Opning av Garborgsenteret

Endeleg – 5. september 2012 kom kulturminister Anniken Huitfeldt til Bryne og opna Nasjonalt Garborgsenter!

Til stades var òg fylkesordførar Janne Johnsen, stortingsrepresentantar, ordførarar frå dei andre jærkommunane og mykje anna gjevt folk.

Senteret er samlokalisert med nytt folkebibliotek i Time, og blir nærmeste nabo til den nye vidaregåande skulen som er under bygging, sentralt i Bryne. Time kommune er byggjerre og har stilt bygget, med ein kostnad på om lag 20 mill. kroner, til disposisjon for senteret.

Utstillingar, innreiing og anna nødvendig infrastruktur er finansiert med midlar frå Kulturdepartementet, Rogaland


fylkeskommune, andre offentlege bidrag og ikkje minst private middel. Den største gava kjem frå Sparebank 1, SR-bank: for kvar krone (utanom statlege middel) som senteret skaffar frå andre kjelder, gir banken ei krone - inntil 9 mill. kroner! Pr. i dag manglar ein berre om lag 1 mill. for å løysa ut heile summen. Millionbidrag kjem òg frå Time sparebank (2 mill.), Sparebankstiftelsen DNB Nor (1,5 mill.) og Stiftelsen Fritt Ord (1,5 mill.). Andre lokale bedrifter, kommunar, organisasjonar og enkeltpersonar har til saman gitt om lag 1,7 mill. kroner. Styret vil takka alle som har bidrege til realiseringa og finansieringa av Garborgsenteret!

I september signerte Vitenfabrikken og Eni Norge ny sponsoravtale til ein verdi av 2 mill. kroner over fire år. Midla skal gå til å utvikle Planetariet. Her er direktør for Jærmuseet Målfrid Snørteland saman med ordførar i Sandnes, Stanley Wirak, og kommunikasjonssjef i ENI Norge, Andreas Wulff.

Foto: Jærmuseet



## Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane i 2012



AVDELINGAR	2010	%	2011	%	2012	%
Felles	6,7	12,2	7,1	12,3	6,0	9,9
Vitengarden	18,0	32,4	16,8	27,7	16,7	27,2
Vitenfabrikken	21,3	38,3	21,8	37,8	23,6	38,5
Garborgsenteret	2,0	3,6	3,1	5,4	4,7	7,6
Tungenes fyr	2,1	3,8	2,0	3,5	2,1	3,4
Hå bygdemuseum	0,9	1,6	2,0	3,5	1,8	2,9
Gjesdal bygdemuseum	1,3	2,3	1,6	2,8	1,4	2,2
Klepp bygdemuseum	0,3	0,5	0,8	1,4	0,5	0,7
Vistnestunet	1,2	2,2	1,2	2,1	1,5	2,4
FMS og RKM	0,7	1,3	0,7	1,2	2,1	3,5
Science Circus	1,0	1,8	0,9	1,6	1,0	1,7
(med fråverstimar)	55,3	100	57,7	100	61,3	100,0

### Besøk

Jærmuseet hadde i 2012 eit samla gjestetal for eigne anlegg på 174.498 fordelt på 13 ulike publikumsarenaer og det omreisande realfagstilbodet Science Circus.

### Årsverk

Jærmuseet har i 2012 utført 61,3 årsverk inkl. vertar og ekstrahjelp. I gjennomsnitt mottok 114 personar regelmessig løn fra Jærmuseet i løpet av året, medan det i alt blei sendt ut 185 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 44,5 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet.

### Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei 54 fast tilsette er 37 kvinner og 17 menn. Omrekna til årsverk er 30 årsverk kvinner og 15,5 årsverk menn. Direktør, nestleiar og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og sju menn, inkludert styreleiar.

### Arbeidsmiljø

Jærmuseet er IA-bedrift frå 2011. I 2012 har me hatt inne tre personar i arbeidspakten gjennom NAV. Dei har til saman vore hos oss i 12 mnd.



<-  
Etter mange år utan potet på Vitengarden, er me endelig i gang igjen. Det vart mykje "lått og løyse" då dei tilsette hadde arbeidsøkt for å hente opp dei siste potetene. Slike dagar skaper godt samhald.  
Foto: Jærmuseet

->  
I 2012 vant Vitenfabrikken innsatspokalen for barn og unge i Sandnes.  
Foto: Jærmuseet

Samla sjukefråvær er om lag 2,3 årsverk, dvs. 3,8 %. Om lag eitt årsverk skuldast langtidssjukemelding i 2012. I tillegg var det vel 2,2 årsverk i foreldrepermisjon. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. Intern undersøkjing blant dei tilsette i 2012 stadfestar det.

Ei gruppe ergoterapistudentar gjennomførte hausten 2012 ei kartlegging av det fysiske arbeidsmiljøet. På denne bakgrunnen er det føreslått ein del tiltak til forbeteringar som gradvis vil bli implementert.

### Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljø.

### Planar vedtatt av styret

Styret har godkjent Formidlingsplan for Jærmuseet 2012-2014, Formidlingsplan for barn og unge 2012-2013, Samlingsplan 2012-2014 og Forskningsplan 2012-2014.

### Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Følgjekort vert akseptert på alle avdelingane.



## Økonomi og administrasjon

**Rettvisande oversikt over utvikling og resultat**  
 Jærmuseet har hatt ein auke i eigne inntekter frå sal/billettar og arrangement på over 21 % når ein ser vekk frå tilskot og gåver/sponsorinntekter. Sponsorinntektene/gåvane frå private og næringslivet i 2012 var på kr. 7.883.936; store delar av dette er sett av som øyremerka middel til utstillingar på Garborgsenteret og Vitenfabrikken inkludert planetariet. Tilsvarende tal for 2011 var 6.405.052 kroner. Jærmuseet har eiga etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtalar.

Kostnadane har auka med ca 3 %. Personalkostnaden har auka med nesten 10 % som dels skuldast dyrt lønsoppgjer, men òg fleire tilsette. Me har i 2012 ikkje så store kostnader i samband med nye utstillingar som i 2011, då ein stor del av investeringane i utstillinga på Garborgsenteret blei utført i 2011.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilet av stiftinga sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

### Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system som elektronisk saksarkiv, økonomisystem

Nærbø, 25.02.2013

Arne Norheim  
Styreleiar

Mons Skrettingland  
Nestleiar

Målfrid Snørteland  
Direktør

Tone Brandzæg

Inglen Haugland

Staale Grude Haaland

Bjørn Kahrs

Espen Aaserud Karlsen

Ane Mari Braut Nese

Per Inge Ruud

Ingeborg Nærland Skjærpe

Stanley Wirak

med elektronisk fakturahandsaming, Visma timeregistreringssystem, felles bookingsystem med integrert besøksstatistikk, Questback både til interne undersøkingar og mot kundar/publikum samt elektronisk nyhetsbrev.


### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2012 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det vert med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å驱va vidare.


### Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagt rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2012 og økonomisk stilling ved årsskiftet. Det har ikkje oppstått vesentlege forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen. Verksemda har for 2012 hatt eit overskot på kr. 2.047.537. Kr. 200.000 av desse er sett av til tiltak i samband med Grunnlovsjubileet, kr. 550.000 til ny stall på Vitengarden, kr. 797.537 til vedlikehaldsfond og kr. 500.000 til fri eigenkapital.


## Fordeling av kostnader 2012



## Fordeling av inntekter 2012




Sponsormidlar og prosjektmidlar er kun brukte midlar i 2012. For mottekne midlar i 2012 sjå årsrekneskapen, note 3.



Ein tiandeklassing ved Ingunnarskoli i Reykjavik bygger sin eigen løgndetektor. I løpet av 2012 bygde over 2800 elevar løgndetektorar i regi av Science Circus.

Foto: Jærmuseet



Størst aktivitet og flest årsverk er knytta til vitensenteravdelingane.

Foto: Jærmuseet

## MUSEUM OG VITENSENTER

### "SØRVESTNORSK VITENSENTER"

Jærmuseet er både museum og vitensenter. Avdelingane Vitengarden, Vitenfabrikken og Science circus utgjer det regionale vitensenteret, "Sørvestnorsk vitensenter". Vitensenteravdelingane Vitenfabrikken og Vitengarden er også dei største avdelingane i Jærmuseet; den største delen av det samla budsjettet er knytt til vitensenteraktivitetar, storparten av museet sine eigeninntekter kjem frå desse avdelingane og den største delen av private sponsormidlar er knytt til avdelinga Vitenfabrikken. Desse avdelingane har òg flest årsverk og den største delen av Jærmuseet sitt samla publikum med til saman 126.931 gjester. Som regionalt vitensenter mottok me i 2012 eit driftstilskot på 3,7 mill frå Kunnskapsdepartementet, via Norges Forskningsråd. Midla blir fordelt av eit eige vitenstyre.

Vitenstyret uttalte i 2012:

**"Jærmuseet er eit kombinert vitensenter og museum med mange avdelingar, kor Vitengarden og Vitenfabrikken er dei to største. (...) Begge hovudavdelingane inneheld mykje interaktivitet med stor breidd av disciplinar. Til saman dekkjer dei ein stor del av naturvitenskapen og teknologien. Finansieringa er i balanse og finansieringsstrukturen er diversifisert. Eigenfinansieringa er høg og museet er sjølvstendig. Areala på museet er tilstrekkelege, men ein planlegg ei utviding av Vitenfabrikken og restaurering av Abelloftet. Museet framstår som ein fin heilskap med kafear og butikkar. Den lokale forankringa er svært sterkt. Einingane er spreidde over heile Jæren og den oppsøkjande verksamheten er levande og kreativ. (...). Fornying av tilbod skjer kontinuerleg. (...). Jærmuseet representerer eit vitensentertilbod med svært høg kvalitet, og med mange unike og verdifulle element".**



← Kult å laga plog! Ungane kosa seg i den utvida fabrikken på Vitengarden.

Foto: Jærmuseet

↓ Endeleg – i mars 2012 blei Foucaults pendel opna på Vitenfabrikken. Teknikarane våre, Kjell Sele og Sven Gundersen, finjusterer installasjonen før opninga.

Foto: Jærmuseet



"Hal i og dra!".  
Mange ulike former for energi vart testa ut under Barnas By på Vitenfabrikken i juni.

Foto: Jærmuseet

# FORMIDLING

## Tungenes fyr 150 år!

2012 var eit jubileumsår for Tungenes fyr. 150 år tidlegare blei fyret tend for første gong, i det noverande bygget. Fyregaren Randaberg kommune og Jærmuseet markerte jubileet med nye utstillingar og arrangement. Jubileumskonserten med Vamp den 19. august blei eit høgdepunkt både for året, men også for fyret som kulturinstitusjon. Konserten var utselt og 2500 menneske hadde ei flott konsertoppleveling i strålende solskin.

## Faste utstillingar

I samband med 150-årsjubileet blei Oskar Sørreime sine måleri, som har vore utstilt på Tungenes fyr sidan 1989, utstilt på nytt og kuratert av Karin Sunderø, under tittelen "Møkkalukt og fuglelåt".

## Sjøbruksutstillinga

Sjøbruksmuseet i Tungevågen opna også på nytt i 2012. Utstillinga har stått nokonlunde uforandra sidan 1990. Den nye utstillinga tar utgangspunkt i same tema som tidlegare – korleis jærbøndene har utnytta havressursane – men tidshorisonten er trekt fram til i dag. Fiskeoppdrett høyrer heime i den moderne havbruket, og er difor

inkludert som eit nytt tema i utstillinga.

Den nye sjøbruksutstillinga er ei av fleire pilotutstillingar til eit framtidig maritimt vitensenter i Tungevågen. I løpet av 2012 har Randaberg kommune vedteke ein ny reguleringsplan og regulert området der Sjøbruksmuseet ligg til kultur- og museumsførmål.

## "Mot til å meina – styrke til å skapa"

I september opna Garborgsenteret og utstillinga "Mot til å meina – styrke til å skapa". Utstillinga er fast og omhandlar Arne og Hulda Garborg sine liv og virke. Utstillinga er tematisk inndelt og dekker emna ekteparet, litteratur, språk, demokrati, modernitet og tradisjon, media, livs- og samfunnssyn. Språkspelet "Strid" er ein del av utstillinga som er særleg mynta på grupper av vidaregåande elevar. Deltakarane blir her flytta til Heimland, der det skal vera ei folkeavstemming om engelsk som offisielt språk. Deltakarane blir delt inn i interesseorganisasjonar som skal løysa oppgåver i utstillinga og argumentera for eller mot språkendringa, og slik er dei med på å påverka utfallet av avstemminga. Utstillinga og spelet "Strid!" er utvikla av firmaet Mediafarm frå Stavanger.



↑ Kva finn eg her? Skuffene på Garborgsenteret vert utforska.  
Foto: Asle Haukaas

<  
Vamp markerte Tungenes fyr sitt 150årsjubileum med jubileumskonsert med 2500 tilhøyrarar den 19. august.  
Foto: Jærmuseet

Varden Sjøredningsmuseum vart pussa opp i 2012.

Her studerer Per Høien frå Hå Historielag og Lars Ødemotland det nyopp-pussa museet.

Foto: Jærmuseet.



#### Andre nye utstillingar og installasjonar

Foucaults pendel – blei ferdigstilt på Vitenfabrikken i mars 2012! Den har blitt eit flott element i kafeen. Foucaults pendel blei oppfunnen av Jean Bernard Léon Foucault i 1851 for å demonstrera at jorda roterer om sin eigen akse. Sandnes ligg på nesten 60 grader nordleg breidde, og her vil pendelen i løpet av eit døgn rotera 310 grader i forhold til jorda.

Utstillinga "Bare vann?" opna på Vitenfabrikken i juni 2012 og er realisert i samarbeid med IRIS (International Research Institute of Stavanger). Prosjektet skal belysa vatn, vassmiljø og vasskvalitet og er støtta av Forskningsrådet gjennom satsinga "Profileringssprogrammet for realfagene (PROREAL)", samt Rogaland fylkeskommune og Jæren Vannområde. I forkant av utstillinga blei det òg gjennomført ei populærvitkskapeleg føredragsrekke under vignetten "Kafé Akvavit".

Planetariet: på bakgrunn av fornya sponsoravtalar med ENI og Dong har Vitenfabrikken fått moglegheit til å føre ei nødvendig teknisk oppgradering av planetariet.

#### Varden sjøredningsmuseum:

Utstillinga er fornya i 2012. Tak og veggar er nå måla blåsvarte for å framheva den kvite redningsbåten og understreka det dystre elementet i redningshistoria. Ei nybygd gangbru bak båten gir meir variasjon til utstillinga og betre oversyn og tilkomst til båten, spesielt for barn. Alt biletmaterial og teksting er fornya og samla på to store tavler supplert med store foto på alle veggar.

#### Temporære utstillingar

##### Vitenfabrikken

- Arkitekturutstilling, v/Sandnes Kunstforening
- "Vwind", med fokus på kunstnarleg utsmykking av vindmøller, samarbeid med Garborgsenteret.
- Sommarutstillinga dette året var Figgjo-badedrakter, desse hang både i taket og var plassert i monter i kafeen.

##### Garborgsenteret:

Her har det vore fire skiftande utstillingar i 2012.

- Fotokonkuransen "Fridom".
- Utstillinga "Vwind" hadde fokus på kunstnarleg utsmykking av vindmøller.

→ Mange sette pris på at museet viste fram eit utval av dei mange badedraktane frå DFU –Figgjo i Vitenfabrikken denne sommaren.

Foto: Gjesdal kommune.

Foto: Jærmuseet

↓ I 2012 hadde Jærmuseet samarbeid med Guidekompaniet om ein tur til Jæren, der Grødalstrand var eit av stoppa. Nærare 1000 cruisepassasjerar frå fleire deler av verda var innom, og samarbeidet vil fortsetja i 2013.

Foto: Jærmuseet



- Biografisk utstilling om sambygdingen og Garborgvennen Jon Line, saman med Time bibliotek. Han ville i 2012 vore 150 år.

• Foto- og sitatutstillinga "Med ungt blikk", laga av elevane i Garborgsenteret si referansegruppe. Bilda er frå stadene Arne og Hulda budde og er kombinert med utvalde Garborgsitat.

#### Tungenes fyr:

- "Fengslet – en utstilling om å sitte inne". Denne besto av ein container som var innreidd som ei fengselscelle. Tekst og tema var henta frå boka "Fengslet" av forfattaren Bjørn Arild Ersland
- Lysinstallasjon av den japanske kunstnaren Jio Shimizu

## Utviklingsprosjekt/utstillingar under utvikling

### Energi og miljø

Statoil er ein viktig samarbeidspart for fleire av dei regionale vitensentera. Jærmuseet har inngått ein samarbeidsavtale med selskapet om prosjektet "Energi og miljø", med ei økonomisk ramme på 9 mill.kr. Prosjektet er delt i fleire delprosjekt og skal realiserast i fleire fasar og på vitensenteret sine ulike lokalitetar i 2013 og 2014. Hovudtyngda av prosjektet er på Vitenfabrikken. Der opnar utstillinga "Høy spenning og masse energi" i april 2013 som fokuserer på grunnleggande energiformer.

### "Det ska svara seg"

Denne utstillinga skal fokusera på verdiskapinga i samfunnet, og andre sentrale omgrep innan økonomi og finans. Me planlegg ei interaktiv utstilling som vil ha tre ulike tema/rom med arbeidstilane Krambua, Fabrikken, Markedspllassen, og som samtidig skal ta utgangspunkt i regionen si historie, samt dagens næringsliv. Prosjektet er støtta av Skagen AS med 8 mill. kr. og tar siktet på opning i desember 2013.

### Formidling av mat, måltid og matproduksjon:

Jærmuseet-Vitengarden er "vitensenteret midt i matfatet". Lokalisert i landets største husdyrkommune, og med nært naboskap til Norges største matindustrielle miljø i Kviamarka, er det naturleg at avdelinga

Vitengarden vil utvikla vidare tema knytt til mat, moderne matproduksjon og dei "grøne" naturvitenskapane.

Med støtte frå RUP-midlar ("regionale utviklingsmidlar") frå Rogaland Fylkeskommune v/opplæringsavdelinga, Fylkesmannen i Rogaland avd. landbruk og Hå kommune, er det laga ein plan for koss Vitengarden kan bidra til ei større interesse for mat og matproduksjon. Både bønder, bondeorganisasjonar, matindustri og undervisningsinstitusjonar, frå barnehagar til UiS, har bidratt i prosjektet som blei avslutta i 2012. Prosjektet hadde ei ramme på 700.000 kroner, tilskotet frå RUP var 325.000. Hå kommune gjekk inn med 50.000.

### Landskapslaboratoriet på Vitengarden

Eit landskapslaboratorium er eit rom i landskapet kor ein kan eksperimentera og arbeida med landskapselement, og som har ei tverrfaglege i tilnærminga til landskapet og elementa i det. Forprosjektet er fullført og ein har starta detaljplanlegginga. Både forprosjektet og planleggingsfasen er finansiert av Bygdeutviklingsmidlar, til saman 120.000, dessutan bidreg Hå kommune med arbeidskraft. Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå Hå kommune, Bioforsk Vest, Sveriges Lantbruksuniversitet (SLU) avd. Alnarp, Skogselskapet i Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland avd. landbruk.

### Biogass

Det er planlagt ei interaktiv utstilling om biogass på Vitengarden, i tilknyting til den planlagde stallen på museumsgården. Det er innleida samarbeid med IVAR IKS, Stavanger offshore tekniske skole (SOTS), Tryggheim vgs., UiS, Biogass Rogaland, Rogaland Bondelag og Hå kommune for å planlegga og utvikla utstillinga. Her vil me mellom anna produsera biogass med basis i eigen husdyrgjødsel og tilby skulelevar og studentar små reaktorar kor dei kan testa ut sine eigne "prøveblandingar". Hå kommune finansierte eit forprosjekt med vurdering av sikkerheita til eit slikt anlegg, kr. 80.000. IVAR IKS har gitt 400.000 kroner til prosjektet som vil starta opp hausten 2013.

22. februar 2012 feira me Hulda Garborg sin  
150-årsdag med fleire arrangement, m.a. folkedans i  
Garborgsenteret.

Foto: Jærmuseet.



## Aktivitetar og arrangement

I løpet av 2012 blei det skipa til ei rekke opne publikumsarrangement, aktivitetsdagar, føredragskveldar og seminar på museet sine ulike anlegg, i alt 93 ulike arrangement.

### Museumstilbod for eldre med liten hukommelse

I samarbeid med demensteamet i Gjesdal kommune har Jærmuseet laga eit besøksopplegg på Limagarden for demente som bur heime eller på institusjon. Seks gonger vår og haust kjem dei til tunet i små grupper i lag med personale og hjelparar frå Frivillighetssentralen. Formidlarar frå Jærmuseet serverer kaffi, vaflar, graut eller heimefanga fisk. Gamle gjenstandar gir grunnlag for samtale om for eksempel matstell, husdyr, skulegong og juletradisjonar. Tilbakemeldinga frå demensteamet er klår: Deltakarane gler seg til turane som er eit lyspunkt i ein ofte einsformig kvar dag. Kulturkontoret i Gjesdal gjev

økonomisk støtte til opplegget og dei besøkande betalar inngangsbillett.

### Dugnadsfest og frivillige

Museet har etablert eit godt samarbeid med ulike lokale lag og foreiningar som hjelper til med vakthald, aktivitetsdagar m.m. Jærmuseet har fleire vennelag, knytt til ulike anlegg: Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden, Vitenfabrikkens venner, Venneforeningen for Flyhistorisk Museum Sola og Venneforeningen for Rogaland krigshistoriske Museum. I tillegg stiller medlemmer i Hå Historie- og ættesogelag og Klepp historielag som frivillige vertar på hhv. Grødal land og Haugabakka. Dei gode, frivillige medhjelperane våre blir kvar haust inviterte til dugnadsfest. Årets dugnadsfest blei arrangert på Garborgsenteret og Vitengarden 15. november med om lag 100 deltakarar.



Det var lagt ned mykje godt dugnadsarbeid i Jærmuseet, både frå venneforeiningar, lag, organisasjonar og enkelpersonar. Johan Nygård er pensjonert lektor og hjelper ofte til med undervisning og arrangement på Vitenfabrikken.

Foto: Jærmuseet

Skule og Landbruk i Gjesdal har gjennom året fleire hundre elevar innom ulike formidlingsopplegg på Limagarden, og alt arbeid vert gjort på dugnad av bondeorganisasjonane. I 2012 mottok dei Kulturprisen av Gjesdal kommune for sitt gode arbeid gjennom fleire år.

Foto: Jærmuseet



## Opne publikumsarrangement 2012

- i regi av Jærmuseet

### Vitenfabrikken

24.01	Det veglause folket. Rogaland Oddgeir Buraseth, foredrag	13.06	Åpning av Xanadu kunstutstilling v/ Andy Gracie
26.01	Kafe Akvavit, Biolumenescoens, foredrag	Juni/juli	Sommerprogram badebukk utstilling: Sommer, sol og vann
9.02	Gater for livet Uterom i Sandnes Paul Korsberg, foredrag	28.08	Human Exploration on Mars Dr Pascal Lee frå NASA, foredrag
11.02	Opning av utstilling: Sandnesarkitektur	21. - 30.09	Forskningsdagene 2012
12.02	Aktivitetsdag: Leire	23.09	Bare Vann Aktivitetsdag
20. - 24.02	Vinterferieaktiviteter	25.09	Work shop med Sissel Tollaas: Lukt og kommunikasjon
1.03	Kafe Akvavit: Det magiske vannet, foredrag	26.09	Smell Molecules, foredrag Sissel Tollaas
11.03	Åpning av utstilling Sandnesarkitekturen i, gaukeorkesteret	8. - 14.10	Høstferieaktiviteter
15.03	Sandnes Arkitekturen Hild Sørby, foredrag	21.10	Mølledag
18.03	Aktivitetsdag: Matematikk er kjekt!	11.10	Lansering av Block Watne boka ved Bjørn M. Stangeland
22.03	Sandnes arkitekturen, egen praksis. Ole S Trodahl, foredrag	1.11	Litteraturdager I Sandnes, forfatterkveld
Påsken	Gule aktiviteter	7. - 8.11	Schizofrenidagene 2012, foredrag
6.05	Aktivitetsdag: Mini konsert P A Pettersen av ny kunstinstallasjon Onomatopeia av J Christensen og A Fjøse	10.11	First Lego League, regional finale
24.05	Solasplitten,v/ M Skretting, foredrag	29.11	En smak av jul, juleverksted for voksne
6.06	Venuspassasjen med frokostservering	Desember	Juleverksted de tre første helgene i advent
7.06	Udstillingsåpning: utstillingen Bare vann?		

### Vitengarden

5.02	Matematikkdag	19.08	Teknikkens dag
20. - 24.02	Vinterferieaktiviteter	26.08	Aktivitetsdag: Fugl
1.04	Eggande aktivitetar	2.09	Aktivitetsdag: Grønsaker
29.04	Aktivitetsdag med 4H	6.09	Opning av ny utstilling: Jæren som ressursgrunnlag
13.05	Skogdag i Njåskogen	9.09	Aktivitetsdag: Husflidsdag
27.05	Sykkeldag	23.09	Aktivitetsdag: Sau
10.06	Biedag	8. - 14.10	Hausferieaktivitetar: Smak av haust
Juli	Bondekona på garden med servering av tradisjonelle rettar	2.12	Jul i gamle dagar

### Garborgsenteret

25.01	Garborgdagar 2012. Bursdagsfeiring for Arne Garborg for barnehagar i Time	7.09	Konsert med General Forsamling
25.01	Garborgdagar 2012. Pietismen – berre negativ? med Fartein Valen	8.09	Bokprat med Terje Torkildsen om Dystopia 4
28.01	Garborgdagar 2012. Kåring av vinnar av fotokonkuransen FRIDOM	8.09	Veslemøylopet
22.02	Hulda 150 år. Huldaseminar, barneaktivitet og folkedansfest	9.09	Spelet STRID
26.05	Konsert med Bygdelagskoret	20.09	Litterær lunsj med Agnes Ravatn
2.07	Sommaropning på Garborgsenteret	1.10	Utdeling av Rogaland Mållags målpris til Janove Ottesen
19.08	Jon Line 150 år. Aktivitetsdag på Træe, med Træe tilsynsnemnd	5.10	Livsglede 2012. Eventyrstund med Sverre Engen og Unge SPOR
5.09	Offisiell opningsseremoni m/kulturminister Anniken Huitfeldt	20.11	Jon Line-kveld i høve 150-årsjubileum
6.09	Litterær lunsj med Brit Bildøen	5.12	Filmpremiere: Jærske Landskap
6.09	Standup-show med Rune Bjerga	11.12	Boklansering: Då Arne Garborg var liten av Sigbjørn Reime
7.09	Garborgseminar: Mot til å meina, styrke til å skapa	15.12	Bokprat med Sigbjørn Reime om Då Arne Garborg var liten

### Tungenesfyr

14.04	Krigshistorisk vandring	19.08	VAMP-konsert
6.05	Mat frå fjæra	20.10	Nautofon – festival
24.06	Nyopning av Sørreimesamlinga og Sjøbruksmuseet		

### Flyhistorisk Museum sola

6.05	Sesongopning	26.08	Hafrsfjorddagen
13.05	Wings and Wheels	23.09	Aktivitetsdag: Luft under vingene med vitenshow
9. - 10.06	Sola Air Show		

### Grødaland

6.05	Sesongopning	19.08	Trivselsbygda di
3.06	Hagedag	2.09	Aktivitetsdag: Sild og litt til
24.06	Bakedag: syrekaker og jonsokkleik	30.09	Bakedag: Eplekaker og gamle spel

### Vistnestunet

25.03	Open gard med temaet byggeskikk	26.08	Open gard og Vistemarsjen
6.05	Sykkeltur i Landsbyen	25.11	Julemarknad
2.06	Open gard med tema sau og lam		

### Limagarden

6.05	Sesongopning med Hage- og handverksdag	30.09	Fiskedag i Limavatnet
16.09	Geologiens dag med vandring i kulturlandskapet og 4H-dag		

### Varden Sjøredningsmuseum

20.05	Sjøredningsdag
-------	----------------

### Rogaland Krigshistoriske Museum

6.05	Sesongopning
------	--------------

## Formidling til barn og unge

Barnefamiliar, skular og barnehagar er svært viktige målgrupper for Jærmuseet. Vel 50 %, eller 88 691 av besøkande i 2012, var barn og unge; 44 704 av desse deltok i organiserte, pedagogiske opplegg, inkludert barnehagar, SFO og studentar. Storparten av denne gruppa er skulebesøk på dei faste anlegga våre, men opplegga omfattar òg særskilde sommartilbod som eksperimentveker eller feriekubbar på fleire av anlegga, andre spesialtilbod i haust- og vinterferiar, astronomiklubben "Astromidene" ved Vitenfabrikken m.m.

Barnas by: 14.-16. juni 2012 var det igjen klart for "Barnas by" i Sandnes. Vitenfabrikken er ein av hovudarenaene for arrangementet og hovudaktiviteten her er "Energikampen", der barna deltar i mange ulike aktivitetar med tema "Energi og miljø". Alle 6.- og 7.-klassingene i Sandnes var invitert, og nærmare 1000 elevar var i full aktivitet i to dagar.

### Regionale finalar

Museet er arrangør av regionale finalar i konkurransane Nysgjerrigper, Unge Forskarar og Statoils realfagspris. Statoils realfagpris er ein konkurranse som skal bidra til å stimulera interessa og nysgjerrigheita for teknologi- og realfaga, og på den måten å inspirera ungdom til vidare fordjuping og utdanning innanfor desse faga. I 2012 arrangerete Jærmuseet for fyrste gong regional finale for deltakrar frå Rogaland, Agder og Telemark. I den nasjonale finalen i Bergen vann eit lag frå Skeisvang vgs. i Haugesund, og elevane fekk seg ein opplevingsrik tur ut i Nordsjøen, samt eit stipend på 50 000,- til klassen sin. Prosjektet fekk god mediedekning.

### Undervisingsopplegg

Jærmuseet tilbyr i dag i nær 500 ulike undervisingsopplegg fordelt på 10 formidlingsarenaer. I tillegg har SC besøkt ei rekke skular i Rogaland og Vest-Agder med fleire ambulerande tilbod. Alle våre undervisingstilbod er forankra i læreplanane

på dei ulike klassesesta, frå barnehagar til vgs. Dei fleste tilbod til grunnskulen er òg tilpassa kriteria i Den kulturelle skulesekken, og er ein del av det generelle DKS-tilbodet i Rogaland. Men det er i tillegg gitt eigne DKS-tilskot frå Rogaland fylkeskommune ("Hus må me ha" – undervisningsopplegg i arkitektur og byggeskikk, utprøvd på Kvitsøy våren 2012), Sandnes kommune ("Et svinaktig byggeprosjekt", "Alkymisten", "Turidesign" og "En by vokser opp") og Time kommune ("Arne Garborg sin oppvekst i Garborgheimen" og "Arne Garborg og språkets musikk (for VGS). Det omreisande realfagstilbodet vårt, Science Circus, nådde ut til heile 11.466 personar i 2012! Det er ein auke på over 36 % i høve til fjoråret.

- Nytt opplegg i 2012 var "Ein dag i vinden" for 10.klassar
- utvikla og gjennomført i samarbeid med Dalane vgs og Norsk Vind A/S, og med støtte frå PROREALIS-midlar frå Norges forskingsråd.
- Elektronikk for ungdomsskulen er finansiert med tilskot frå DNB NOR og utvikla i samarbeid med andre norske vitensentra.
- Science Circus i vesterveg: SC fekk i 2012 pengar frå Norsk-Islandske kulturfond til eit samarbeid med Fjölskyldu- og husdyragardurinn i Reykjavík om realfagsformidling. SC var på Island 30/9-14/10. Det blei gjennomført eit lærarkurs og fem skulebesøk. Målet er at Husdyragardurinn skal få til liknande opplegg for skulane i Reykjavík som det Jærmuseet har.

"Ongane i Hå, kæ lure dei på": Barnehageprosjektet er inne i sitt tredje år og kan visa til svært gode resultat. I 2012 vart det arrangert "Kjemidag" for alle femåringane i Hå kommune sine barnehagar. Dagen gav inspirasjon til både små og store. Flott mediaoppslag med tittel: "Her er gjengen som skal redde AS Norge" Stavanger Aftenblad 29.02.2012.

På hausten hadde me ein eigen potetdag kor barnehagane fekk hente potet rett frå jorda, laga mat og eksperimentere med potet.



← Frå feriekubben på Vistnestunet, her er ungane i gang med å kutte grønsaker til lapskausen.

Foto: Reidun Irene Bjordal, Randaberg kommune

→ Gode museumsvennar hjelpar til på aktivitetsdagen "Jul i gamle dagar" på Vitengarden. Her lager Marta Berntsen og Folke Ravndal smultringar.

Foto: Jærmuseet





<-  
I samband med kunstprosjektet Ustable Uttrykk, var den internasjonalt anerkjente kustnaren og kjemikaren Sissel Tolaas på besøk på Vitenfabrikken. Her hadde ho blant anna workshop med tema "Smell Molecules!"

Foto: Jærmuseet



↑ Utstillingsoppning på Sjøbruksmuseet i Tungevågen den 24. juni. Båten på biletet er eit av dei nye eksperimenta i Sjøbruksutstillinga. Ved hjelp av trykkluft, får publikum prøva å knyta knutar, medan båten rører seg i «bølgene».

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune



->  
"Mat frå fjæra" er eit undervisningsopplegg med 9. klasse. Her er Harestad skole på tur.

Foto: Jærmuseet




->  
Saman med Norsk Vind AS og Dalane VGS, hadde Science Circus formidlingsopplegget "Ein dag i vinden". Opplegget var støtta av Norsk Forskningsråd, og 10. klassingar fra regionen fekk først besøke Høg-Jæren vindpark før dei reiste til Vitengarden og fekk laga eigne vindturbinar.

Foto: Jærmuseet

↓ "Armer og bein brukes like mye som hodet når Vitenfabrikken i Sandnes skal lære bort matematikk. Her bygger elevene hus til grisene og lærer om geometri."

Foto og tekst: Helene Andreassen, Stavanger Aftenblad





Frå arrangementet Wings&Wheels 13. mai. Sola Storband stod for musikken under arrangementet. I bakgrunnen står eit Bell UH-1 Iroquois.

Foto: Jærmuseet

Grundercamp arrangert i samarbeid med Ungt Entreprenørskap på Jæren. Ungdomsskuleelevar arbeidde med ulike problemstillingar knytta til utstillingar på Vitengarden.

Foto: Jærmuseet



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2011 - 2012: medrekna Hå gamle prestegard

	VITENGARDEN		VITENFABRIKKEN*		GARBORGSENTERET**		TUNGENES FYR		HÅ BM		GJESDAL BM	
	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011
Barnehagar	3194	2518	1630	1964	78	0	0	0	79	49	350	167
Barnetrinnet	4926	5302	7204	6847	204	100	50	152	198	131	1005	1234
Ungdomstrinnet	2253	2137	4032	3163	197	45	109	131	146	136	0	165
Vid. Skular	919	790	1210	1722	1 378	68	0	0	0	0	198	216
SFO, fritidsgsr.	1277	1487	1254	1234	30	0	0	0	665	550	290	314
Studentar	160	142	654	619	153	0	0	4	26	0	24	37
Sum	13042	12376	15984	15549	2 040	213	159	287	1 114	866	1867	2133
Anna publikum	30554	29925	51694	51950	3 418	1 372	16772	18592	2 888	1750	955	1014
Utleige	1594	5231	6868	4505	1 110	0	451	0	12	0	71	42
Sum i alt	44877	47532	74546	72004	6 568	1 585	17382	18879	4 014	2616	2893	3189

\*Inkl. Thranegården galleri med 3958 besøkande i 2012

\*\*Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

\*\*\* I 2011 er tala berre dei som kom på skulebesøk i regi av Jærmuseet. Det reelle besøkstalet ved museet i 2011 var 6670.



Den regionale finalen i Statoils Realfagpris var på Vitenfabrikken. Dei regionale vinnarane frå Skeivang vidaregåande skule i Haugesund, Joachim Reiersen, Kenneth André Sydness og Simen-Andreas Gjerde, gjekk heilt til topps i den nasjonale finalen.

Foto: Jærmuseet




Over 200 av dei eldste barnehageungane i Hå var med på Kjemidag på Vitengarden.

Foto: Geir Sveen, Stavanger Aftenblad



Mye kjemi her på kjøkkenet, forklaarte Bjørg Sandved, som kinnet smør.



Seks år gamle Marcus Sirevåg Haver får la det sin egen rakett med trykkluft av Tormod Aass, men rakettforsker har han ikke tenkt å bli.

## Her er gjengen som skal redde AS Norge

HAUGABAKKA		VISTNESTUNET		SCIENCE CIRCUS		FMS		RKM	SUM JÆRMUSEET		HGP		SUM inkl. HGP	
2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2011	2012	2012	2011	2012	2011	2012	2011
78	0	19	0	0	0	24	0		5 452	4 698	100	100	5 552	4 798
174	375	1222	841	1716	2476	191	101		16 890	17 559	960	425	17 850	17 984
140	0	360	452	6050	1501	0	0		13 287	7 730	100	225	13 387	7 955
0	0	4	0	0	500	0	0		4 000	3 296	220	60	4 220	3 356
0	0	425	445	0	0	33	0		3 974	4 030	0	0	3 974	4 030
0	0	20	42	0	0	10	0	32	1 101	844	0	40	1 101	884
392	375	2050	1780	7766	4477	258	101	32	44 704	38 157	1 380	850	46 084	39 007
40	509	1575	1000	3700	3914	7177	89	588	119 048	110 115	43 000	39 650	162 048	149 765
0	15	614	12		0	26	0		10 746	9 805	4 000	4 000	14 746	13 805
432	899	4239	2792	11466	8391	7461	190***	620	174 498	158 077	48 380	44 500	222 878	202 577

FMS = Flyhistorisk Museum Sola

RKM = Rogaland Krigshistoriske Museum

HGP = Hå Gamle Prestegard

HÅ BM = Hå bygdemuseum, omfattar fleire anlegg

GJESDAL BM = Gjesdal bygdemuseum

I undervisningsopplegget "Hus må me ha" lærer elevane om byggeskikk og tradisjonar. Her frå opplegget i vår på Kvitsøy, utvikla saman med Den Kulturelle Skulesekken.

Foto: Elin Hetland, Rogaland Fylkeskommune



# FORVALTNING AV SAMLINGANE

Samlingsplan for Jærmuseet 2012 – 2014 blei vedtatt av styret i mars 2012. Planen er todelt: Prioritere innsamlingsfelt og tiltak og planar for utvikling av samlingane.

## Innsamling

Både talmessing og arbeidsmessig har Figgjo-samlinga dominert arbeidet i 2012. Men i tillegg fekk me ei stor og viktig samling potteriproduct frå Hana og Holmens Potterier. Samarbeidet med Bjørn M. Stangeland om Block Watne resulterte også i at me fekk både foto og anna materiale som dokumenterer bedrifta, m.a. frå arkitekten Ommund Berge.

## Samlinga Figgjo AS

Jærmuseet har dette året motteke Figgjo AS si samling av eigne produkt, dei eldste produserte på Figgjo Kraftselskap AS (1941 – 49), dei nyaste er dagens produkt frå Figgjo AS. Me har også overteke dei historiske arkiva til dei ulike bedriftene med fotosamlingar. Avtalen inneber også årleg supplement med aktuelle produkt og arkivmateriale. Formålet er at museet skal registrera samlinga og formidla denne til eit breidt publikum gjennom utstillingar i museet, artiklar og gjennom presentasjon på internett. Det vil skje på Digitalt museum. Sortering, reingjering, enkel registrering, fotografering og pakking har gått føre seg i fabrikklokala på Figgjo frå januar til medio september 2012. Produktutviklingssjef Constance Gaard Kristiansen har vore museet sin kontakt i Figgjo. Pr. dato er 8 400 tallerkar og koppar pakka og sett på magasin. Til nå er nær 300 serviser er registrert..

Jærmuseet har òg fått overtatt store delar av sivilarkitekt Helge Schelderup sitt foto- og teikningsarkiv etter hans omfattande dokumentasjons- og forskingsarbeidet om grindbygde hus i Vest-Norge; eit tema han arbeidde med i fleire tiår.

Utgreiing av fellestenerester innan samlingsforvaltning for regionmusea. Rogaland fylkeskommune vedtok i 2011 "Regionalplan for museum". Eit av tiltaka her er etablering av fellestenerester med fem stillingar innan samlingsforvaltning, konservering og bygningsvern. Rogaland fylkeskommune gav Barbara de Haan i Collection Care & Management i oppdrag å laga ei utgreiing om kva fagområde innan samlingsforvaltning som bør prioriterast og korleis tenesta bør organiserast, lokaliserast og finansierast. Jærmuseet deltok i ei arbeidsgruppe saman med deltakarar frå alle regionmusea og fylkeskommunen, under leiing av Barbara de Haan. Utgreiinga blei

presentert på Rogaland fylke sitt museumsmøte 23. oktober 2012.

## Magasin og lager

I Åmøy-magasinet er det montert fleire pallereolar, tilpassa størrelsen på dei einskilde gjenstandane, som har gitt 60 nye palleplassar.

I samband med reparasjon av taket på løa på Tranegården blei ei mengd gjenstandar flytt til permanent lagring i magasin på Vitenfabrikken og Åmøy. I samband med flyttinga blei gjenstandane vurdert. Nokre som var i sers dårleg stand, eller som me har dublettar av, blei avhenda. Randaberg bygdemuseum sitt magasin er mellombels flytt til ei leigd løe i Tungevågen. I samband med flyttinga blei gjenstandane vurderte på same viset som på Tranegården.

På Vitenfabrikken er det innreidd eit magasinrom til Figgjosamlinga.

## Bygningsvedlikehald

Jærmuseet har ansvar for 59 bygningar av kulturhistorisk verdi. Dei er spreidd på 25 ulike lokalitetar i dei sju stiftarkommunane. Alle bygningar får tilsyn minst to gonger i året der ein m.a. byter brotne takpanner, reparerer anna skadeverk, ryddar vegetasjon og noterer kva som må gjerast av større vedlikehaldsoppgåver.

I samband med inspeksjonsrundane og vanleg bygningsvedlikehald har ein dei siste åra rydda i kjellarar, skutar, buer og på loft. På dei ulike anlegga hadde det i løpet av åra som sjølvstendige einingar samla seg mykje material, bygningsavfall og anna skrot som var brannfarleg, helsekadeleg, fuktsamlande og grobotn for mottangrep.

### Særlege vedlikehaldsoppgåver i 2012:

**Audamotland.** Heimahuset er ferdigrestaurert innvendig med til dels nye takbjelkar, dobbelt loftsgolv som gir plass til skjulte installasjonar for straum, røyk- og innbrottsalarm. Murveggane i fjøset er spekka utvendig og murpussen er reparert og måla innvendig. Både i heimehus og fjøs er det installert varmepumper for å halde ein konstant temperatur og ei mindre kostnadskrevjande oppvarming. I tillegg er det og installert avfuktingsanlegg i heimahuset.

**Grødalstrandstunet:** To bygningar er tjørebredide og det er forsøksvis installert avfuktingsanlegg i Torehuset. Løene, fjøset, skutane og loftstrom i heimahuset er behandla mot angrep av tverrstripa borrebille.



I februar skreiv Jærmuseet avtale med Figgjo AS om å overta historiske samlingar og arkiv. I heile 2012 vart det lagt ned mykje arbeid i å registrera Figgjo AS sine gjenstander. Constance G. Kristiansen produktutviklingssjef i Figgjo AS.

Foto: Jærmuseet.



**Haugabakka:** Alle vindauge i skulestova blei i løpet av sommaren demontert, røtne parti fornya og alt treverk sett inn med linolje. Dei gamle glasa blei kitta inn på nytt, beslaga skrudd på plass og vindauge blei måla med linoljemåling. Nesten alle panelomnar i skulestova vart fornya og gamle, ikkje lovlege elinstallasjonar fjerna. I kjøkkenet i Folgehuset blei det sett inn elektrisk komfyr og vifte. I kjellaren er det installert sprinklaranlegg.

**Limagarden:** Store hol i grunnmuren på Nyeløa er reparert. Det er lagt heller ved inngangen til Blekkhuset.

**Vistnestunet:** Begge vindauge i eldhuset er restaurert på same viset som på Haugabakka.

**Tranegården:** Taket på løa er restaurert frå botnen: Røtne sutaksbord er fornya. Det er lagt ny papp og lekter og fleire hundre takpanner er erstatta med panner frå museet sitt lager. Samstundes vert det sett opp nye takrenner og gravd ned røyr til kum for overvatn. Skadd panel på løebruopplatt og resten av bygningen vert reparert.

## NYE ANLEGG

Frå årskiftet blei Rogaland Krigshistoriske Museum og Flyhistorisk Museum Sola konsolidert med Jærmuseet. I mars vart det tilsett fagkonsulent/historikar. Mykje arbeid er lagt i utarbeiding av rutiner for drifta, og det er lagt planar for forbeteringar i utstillingane til begge musea. Me har samarbeida med venneforeiningane om ulike arrangement og det har vore ein del møte for å bli kjend med arbeidet deira.

Eit høgdepunt var hevinga av Heinkel HE115 fra Hafrsfjord i juni. Flymuseet si venneforeining stod for bragden med å bringa dette eineståande flyet på land. Mykje tid er brukt for å planlegga og undersøka koss flyet best kan bevarast. Teknisk konservator har teke del i dette arbeid. Det er søkt om middel til nytt kortbasert låssystem. Fylkeskommunen, som har ansvar for hangaren til flymuseet, har utbetra feil i dei elektriske installasjonane.



I sommar vart alle vindauge i skulestova på Haugabakka fornya. Kvar vår vert tun og bygningar rydda og vaska før sesongopning på dei lokale anlegga våre. Her er dukar og sengetøy til tørk på Vistnestunet.

Foto: Jærmuseet.



# FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Jærmuseet har utarbeidd sin første forskingsplan, og "Forskningsplan for Jærmuseet 2012 – 2014" blei vedteken av styret i mars 2012.

Jærmuseet har som mål å gjennomføra eigne forskningsprosjekt, gjerne i samarbeid med eksterne forskingsmiljø. Resultata skal formidlast gjennom utstillingar, publikasjonar eller på museet sine heimesider.

## Avslutta prosjekt:

Lynghiprojektet: I Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde finn ein nokre av dei siste restane av kystlynghei på Låg-Jæren. I 2005 starta eit prosjekt der målet var å:

- Prøva ut metodar for å ta vare på kystlynghei.
- Analysera metodane sin verknad på artar og plantesamfunn.

Prosjektet var eit samarbeid mellom Hå kommune, Bioforsk Vest Særheim, Rogaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland og Jærmuseet.

Eit prøvefelt blei delt opp i ruter og desse blei behandla ulikt. Nokre ruter blei berre beita av husdyr. Andre ruter blei slått med ljå, eller vegetasjonen blei brent. Nokre av desse rutene blei beita av husdyr etterpå. Enkelte ruter blei ikkje behandla i det heile, det var kontrollrutene. Elevar i vidaregåande skule var med på å samla inn data og tok jordprøvar.

Prosjektet er nå avslutta og resultatet frå prosjektet vil m.a. bli formidla i utstillingane på Vitengarden.

## Prosjekt i arbeid:

Norgesgarden: Jærmuseet er med i kulturlandskapsnettverket. I fellesprosjekt, Noregsgarden, ser ein på seks museumgardar frå ulike delar av landet. Kva kan gardane fortelja om vilkåra for jordbruksdrift og levemåten i dei ulike regionane? Resultata frå prosjektet skal formidlast på fleire måtar. Knut G. Austad og Anne Jorunn Frøyen har i 2012 fått publisert ein fagfellevurdert artikkel ("Landskapsendringar sett gjennom ein museumsgard på Jæren – Audamotland i Hå") i tidsskriftet "Heimen".

Trafikkentraltjenesten VTS som skal dokumentera Trafikkentraltjenesten frå oppstarten i 1978 og fram til i dag.

## Jærhagar

Med RUP-tilskott frå Rogaland fylkeskommune vart det i 2012 gjennomført eit prosjekt i oppmåling og planteregistrering i gamle hagar.

I lag med Hageselskapet Rogaland, Stavanger botaniske hage og Arkeologisk museum UiS danna Jærmuseet ei prosjektgruppe for å samla større kunnskap om dei gamle gards- og byhagane på Jæren som det etter kvart er få igjen av.

## Samtidskoden

Jærmuseet er også med i museumsnettverket for samtidsdokumentasjon, og her starta i 2012 prosjektet Samtidskoden. Dette er først og fremst eit museologisk prosjekt der musea ser på eigne praksisar. Jærmuseet deltek med "Steind e'kje berre steind" der målsetjinga er å finna ein metode for å flytta steingardane inn i museumssamlingane.

## Publikasjonar

Bjørn M. Stangeland si bok: "Tilbakeblikk & erindringer. En historie om Block Watne og ferdighusindustrien" er utgitt som Jærskrifter 5 og blei presentert på Vitenfabrikken 11. oktober. Boka blei trykt i 1000 eksemplar og var utsett til jul, takka vera at forfattaren dreiv aktivt sal av bokpakkar til bedriftene.

Sjå Jæren 2012: Hovudartikkelen var "Grindbygde hus i Vest-Norge" av sivilarkitekt Helge Schelderup. Helge Schelderup har i mange tiår arbeidd med å dokumentera og forska på denne byggeskikken. Dei andre artiklane i årboka var i hovudsak forfatta av museet sine eigne fagfolk, og handla m.a. om dekoratøren og designaren Rolf Frøyland på Figgjo, om flyet Heinkel He 115 som blei tatt opp or Hafrsfjorden sommaren 2012, "Ongane i Hå, kæ lure dei på?", og "Garborgs galningar".




↑ Museet fekk i 2012 verdfullt materiale om grindbygg på Vestlandet som sivilarkitekt MNAL Helge Schelderup (1952 – 2013) har dokumentert og samla gjennom fleire tiår. Fotoet er et døme på dette, frå ein modell og fotoserie han laga i 1997.

Foto: Helge Schelderup  
↓ Årbok 2012.

## TILBAKEBLIKK & ERINDRINGER

En historie om Block Watne og ferdighusindustrien

Bjørn M. Stangeland



Bjørn M. Stangeland er født i Sandnes 10. september 1942. Han ble utdannet kontorist fra Norges Handelsskole i 1961 og gikk sin yrkeskarriere som regnskapssekretær og senere økonomiselskapssekretær i Jordan Barst & Penselabrikk AS (i dag Jordam AS). I 1970 ble han ansatt som økonomi-sjef i G. Block Watne AS og var arbeidsgjever til 1990. Han var konsernsjef i Block Watne i 12 år, fra 1978 til 1990. Fra 1990 til 2008 var Stangeland regiondirektør i NHO Rogaland.

Stangeland har en bred og variert næringslivbakgrunn tilleg til ovennevnte med lartstid som styredeltaker i en rekke bedrifter i ulike bransjer i inn- og utland.

Han har også hatt andre stillinger i bedrifter og delatt i en rekke private og offentlige utvalg og råd og var bl.a. medlem av hovedstyret i Norges Industriarbunnd i 8 år, hvorav 4 år i hovedstyrets arbeidsutvalg som var i kontakt spesielt i arbeidet med å etablere Norsk institutt for forskning og innovasjon (NTNU). Stangeland var også formann i NTNUs rådgivende komité for bygg og anleggsteknisk forskning fra 1989 til 1994 og senere medlem av det nasjonale programstyret for VITI (forskningsrådet) hovedsatsing på forskning og innovasjon i norske regioner.

Rogalands Avis


Block Watne-konsern  
ommeldes til politie

Bjørn M. Stangeland

↑ Bok skiven av Bjørn M. Stangeland.

↓ Å lø ein steingard skjer i dag ved å manøvrera joystikken med fingertuppane, der mennene før sleit med steinbukk. I prosjektet "Steidne kje bare steidn" dokumenterer me m.a. slike endringar.

Foto: Jærmuseet



Her sit to som har prega koppar og tallerkenar frå Figgjo gjennom seks tiår: Dekordesigner Rolf Frøyland (t.v.) og produktsjef og designer Olav Joa. Dei har hjulpe oss med å dokumentera historia frå denne perioden.

Foto: Jærmuseet



# NYE PROSJEKT

Statleg tilskot til byggesteg 2 på Vitenfabrikken, Statsbudsjettet 2013 blei lagt fram 8. oktober. Statsråd Anniken Huitfeldt møtte opp på Vitenfabrikken og kunngjorde at Staten nå hadde bevilga 22 mill. til rehabiliteringa av Solanvn. 10, med 4 mill. på statsbudsjettet for 2013! Nybygget for Vitenfabrikken var som kjent ferdig i 2008, og Jærmuseet har sidan 2009 søkt KUD om middel til 2. byggetrinn som er rehabilitering og ombygging av Solavn. 10, dvs. den gamle sykkelfabrikken til Jonas Øglænd. Den samla kalkylen for rehabiliteringa er på 44 mill. kroner, inkl. mva. Sandnes kommune er byggeigar og byggherre, og har i sitt langtidsbudsjettet sett av 20 mill. kroner. Også Rogaland fylkeskommune har gitt aksept for eit bidrag på 6 mill., fordelt over fleire år.

Formålet med 2. byggetrinn er å skaffa lokale til nødvendige funksjonar som det ikkje blei plass til i

1. byggesteg: administrasjonslokale, personalrom, bibliotek, dokumentasjons-senter,arkiv, magasin, studiemagasin og om lag 1000 m<sup>2</sup> meir utstillingsareal.

## Vitenbarnehage og administrasjonsbygg

Fellesadministrasjonen og personalet på Vitengarden har òg svært så overbefolka kontorforhold. Som ei mellombels løysing er det sett opp ein brakkerigg. Samtidig treng Hå kommune fleire barnehagar, og museet og kommunen utgreier moglegheitene for å bygga eit kombinert administrasjonsbygg og barnehage på Vitengarden. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Hå kommune og Jærmuseet har i løpet av 2012 utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for prosjektet. Etter ein prekvalifiseringsrunde hausten 2012 er tre arkitektfirma valde ut til å delta i ein arkitektkonkurranse. Innlevering av skisser og teikningar er sett til 19. februar 2013.



Det vart bevilga 22 millionar kroner til Vitenfabrikken og byggesteg 2!  
Ordførar i Sandnes kommune, Stanley Wirak, saman med statsråd Anniken Huitfeldt, stortingsrepresentant Hallgeir Langeland og direktør i Jærmuseet, Målfrid Snørteland under kunngjeringa.  
Foto: Jærmuseet

# RESULTATREKNESKAP

	Note	2012	2011
Salsinntekter		4 400 912	3 465 587
Billett/arrangementsinntekter		4 816 924	4 125 414
Faste offentlege tilskot	2	37 349 210	34 308 502
Tilskot prosjekter	3	12 214 089	31 904 066
Avsetningsplikt ubrukte prosjektilskot	3	-2 072 488	-20 495 038
Medlemsskap/annonsar		246 325	247 341
Andre inntekter	4	585 944	708 459
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>57 540 916</b>	<b>54 264 331</b>
Varekostnader		2 187 882	1 954 533
Personalkostnader	5	31 802 814	28 950 700
Inventar og utstyr		1 512 061	1 509 165
Driftskostnader bygg/anlegg		4 289 254	4 423 506
Vedlikehald utstyr/samlingar		1 303 111	774 685
Produksjon utstillingar		6 235 437	9 059 486
Kontor og administrasjonskostnader		1 890 434	1 488 031
Reiser/kurs/transport		1 396 541	1 051 487
Marknadsføring/publikumskostnader		2 621 378	2 168 471
Avskrivningar	6	1 157 287	1 569 806
Kjøpte tenester	7	1 147 924	817 609
Andre driftskostnader	8	1 011 195	916 478
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>56 555 318</b>	<b>54 683 957</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>985 598</b>	<b>-419 626</b>
Renteinntekter		1 828 088	2 215 778
Renter byggetrinn 3	3	-674 021	-863 254
Renter investering NGS	3	-92 128	-176 300
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>2 047 537</b>	<b>756 598</b>
Overført fond vedlikehald		797 537	606 598
Overført prosjekt		750 000	150 000
Overført annan egenkapital		500 000	

## Balanse

	Note	2012	2011
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
Byggetrinn 1&2	6	0	0
Anlegg	6	221 163	352 119
Kontorinventar/utstyr	6	1 757 032	2 123 760
EDB-utstyr/kassasystem	6	153 322	685 716
Bilar/transportmiddel	6	545 633	200 121
Samlinger		200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>2 877 150</b>	<b>3 561 716</b>
Inniskot COOP		361	382
Eigenkapitaltilskot KLP		252 631	212 507
Matfaret Jæren BA		4 000	4 000
<b>Sum finansielle anleggsmeddel</b>		<b>256 992</b>	<b>216 889</b>
<b>Sum anleggsmeddel</b>		<b>3 134 142</b>	<b>3 778 605</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Varelager	9	866 894	700 198
Fordringar			
Kundefordringar		1 139 229	767 345
Meirverdiavgift		372 730	
Andre kortsiktige fordringar		1 071 817	948 695
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 583 776</b>	<b>1 716 040</b>
Bankinnskot og kontantar	10	85 653 706	81 331 284
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>89 104 376</b>	<b>83 747 522</b>
<b>SUM EIGEDELER</b>		<b>92 238 518</b>	<b>87 526 127</b>

## Balanse

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2012	2011
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		200 000	200 000
Fond vedlikehald	11	2 779 676	2 173 078
Fond prosjektavsetning		150 000	
Annan eigenkapital		6 464 052	5 173 113
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>9 593 728</b>	<b>7 546 191</b>
<b>GJELD</b>			
<b>Ubrukte øyremerka middel</b>			
Ubrukte middel, byggetrinn 1	3	255 188	255 188
Andre øyremerka tilskot	3	68 416 190	66 343 703
<b>Sum ubrukte øyremerka middel</b>		<b>68 671 378</b>	<b>66 598 891</b>
Pensjonsplikter	5	5 705 575	5 298 033
Langsiktig gjeld Hå komm.		288 000	288 000
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Vennelaget		12 287	7 309
Leverandørgjeld		2 712 535	2 768 377
Skuldig skattetrekk		942 791	843 292
Skuldig arbeidsgjevaravgift		1 002 890	826 245
Skuldige feriepengar		2 647 724	2 502 776
Skuldig mva			341 229
Påløpt løn		549 903	391 771
Anna kortsiktig gjeld		111 707	114 013
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>7 979 837</b>	<b>7 795 012</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>82 644 790</b>	<b>79 979 936</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>92 238 518</b>	<b>87 526 127</b>

Nærbø, 25.02.2013

Arne Norheim  
Styreleiar

Ane Mari Bratt Nese

Ingeborg Nærland Skjærpe

Espen Aaserud Karlsen

Mons Skrettingland  
Nestleiar

Bjørn Kahr

Stanley Wirak

Staale Grude Haaland

Målfrid Snørteland  
Museumsdirektør

Inglen Haugland

Per Inge Ruud

Tone Brændtzæg

## Kontantstraumanalyse

	2012	2011
<b>KONTANTSTRAUM TILFØRT FRÅ DRIFT</b>		
Resultat før disposisjonar	2 047 537	756 598
Gevinst/Tap ved sal av anleggsmiddel	-90 000	31 427
Ordinære avskrivningar	1 157 287	1 569 806
<b>Tilført frå drift</b>	<b>3 114 824</b>	<b>2 357 831</b>
<b>AUKE/NEDGANG KONTANTSTRAUM FRÅ</b>		
Kundefordringar	-371 884	94 434
Andre omløpsmiddel	-662 548	-344 628
Leverandørgjeld	-55 842	63 058
Skuldige avgifter og feriepengar	79 863	456 738
Annan kortsiktig gjeld	160 804	67 894
<b>Netto kontantstraum frå kortsiktige balansepostar</b>	<b>-849 607</b>	<b>337 496</b>
<b>KONTANTSTRAUM TIL INVESTERINGER</b>		
Sal av varige driftsmiddel	90 000	6 000
Investering i varige driftsmiddel	-472 721	-1 732 667
Andre langsiktige investeringar	-40 103	2 603
<b>Sum kontantstraum - driftsmiddel</b>	<b>-422 824</b>	<b>-1 724 064</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERING</b>		
Endring ubrukte øyremerka middel	2 072 487	20 495 037
Endring anna langsiktig gjeld	407 542	921 673
<b>Sum kontantstraum finansiering</b>	<b>2 480 029</b>	<b>21 416 710</b>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM GJENNOM ÅRET</b>	<b>4 322 422</b>	<b>22 387 973</b>
Likviditetsbeholdning 01.01.	81 331 284	58 943 311
Likviditetsbeholdning 31.12.	85 653 706	81 331 284
Auke likviditetsbeholdning	4 322 422	22 387 973
<b>Faktisk likviditetsbeholdning 31.12.</b>	<b>85 653 706</b>	<b>81 331 284</b>

## Noter

### NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap 2012 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapsskikk og forskrifter om rekneskapsføring.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld er postar med forfall innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekretslopet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av anskaffelseskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.

Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmiddel bli nedskrive til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpende. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

### NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA

	2012	2011
Kulturdepartementet KUD	15 264 000	14 775 000
Kystverket FKD	1 041 666	1 041 666
Rogaland fylkeskommune	6 860 000	5 185 000
Kontingent frå stiftarkommunar	2 309 483	2 229 145
Vertskommunetilskot frå kommunar	8 174 061	7 377 691
Forskningsrådet, vitensenterdrift KD	3 700 000	3 700 000
<b>Sum tilskot</b>	<b>37 349 210</b>	<b>34 308 502</b>

### NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT

	2012
Næringslivet/bedrifter	7 674 656
Kulturdepartementet (KUD)	1 040 000
Kystverket (FKD)	275 000
Forskningsrådet (KD)	442 683
Statens Landbruksforvalting (LMD)	236 000
Rogaland fylkeskommune	870 783
Kommunar	699 537
Private gåver	209 280
Renteinntekter	766 149
<b>12 214 088</b>	

#### Overførte prosjektmiddel

Tilskot 2012	12 214 088
<u>Bruk 2012</u>	<u>10 141 602</u>
Ubrukte tilskot	2 072 486
 Inng. balanse 2012	66 343 704
<u>Ubrukte tilskot 2012</u>	<u>2 072 486</u>
Overført til 2013	68 416 190

#### Byggetrinn 1

Ubrukte middel 01.01.12	255 188
Investering 2012	
<b>Overført til 2013</b>	<b>255 188</b>

### Totalt overført prosjektmiddel til 2013 **68 671 378**

Ubrukte prosjektmiddel er ført som gjeld i balansen.

## Noter

### NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER

Refusjon diverse utlegg	308 727
Oppdrag/kurs	93 803
Gevinst ved sal av anleggsmiddel	90 000
Bidrag Hå Kommune til eksperimentveka VG	70 000
Erstatning forsikringsoppjer	28 734
Arbeidspraksis NAV	20 683
Jordbruksinntekt	14 546
Endring påløpt inntekt prosjekt	-64 500
Diverse	23 951
	<b>585 944</b>

### NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER

#### **Spesifikasjon personalkostnader**

Lønskostnader	23 931 354
Honorar	91 845
Arbeidsgjevaravgift	3 404 030
Pensjonskostnader	3 797 655
Personalforsikring	308 089
Andre personalkostnader	269 841
<b>Totalt</b>	<b>31 802 814</b>

Løn til dagleg leiar utgjorde kr. 730.080. Honorar til styreleiar kr. 50.000.

Det er ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

#### **Spesifikasjon av pensjon**

Stiftinga Jærmuseet sitt pensjonsansvar er dekka med tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse KLP. Ordninga er i samsvar med krav om tariffesta tenestepensjon. Pensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda si ytring, gir ein samla bruttopensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Ordninga sikrar uførepensjon på same nivå, og omfattar ektefellepensjon og barnepensjon. Tilsette har rett til AFP.

#### **Tal for pensjonskostnad og pensjonsforpliktelse iflg. NRS-berekning 2012 KLP:**

<b>Medlemsstatus:</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Tal aktive	56	58
Tal oppsette	37	31
Tal pensjonar	8	9
Gj.sn.pensjonsgr.lag	387 754	346 811
Gj.sn.alder	44,51	43,34
Gj.sn. tenestetid	7,30	6,52
<b>Netto pensjonskostnader</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Opptering	3 338 295	3 079 220
Rentekostnad	898 200	947 335
Brt. pensjonskostnad	4 236 495	4 026 555
Forventa avkastning	-641 773	-734 223
Adm.kostn/rentegaranti	135 439	125 050
Nto. pensjonskostnad	3 730 161	3 417 382
Resultatført planendring		
Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost	525 953	481 851
Estimatavvik inkl. arb.g.avg.		
<b>Nto. Pensjonskostnader</b>	<b>4 256 114</b>	<b>3 899 233</b>

## Noter

### framhald NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER

Pensjonsskyldnad	2012	2011
Påløpne pensjonsskyldnader	22 403 925	20 434 036
Pensjonsmiddel	17 307 847	14 169 735
Nto. skyldnad før arb.g.avg.	5 096 078	6 264 301
Arb.gjevaravgift	718 547	883 266
Nto. skyldnad inkl arb.g.avg.	5 814 625	7 147 567
Estimatavvik	-95 575	-1 620 977
Estimatavvik arb.g.avg	-13 475	-228 557
<b>Netto pensjonsmiddel/-skyldnad inkl. arb.g.avgift</b>	<b>5 705 575</b>	<b>5 298 033</b>

Grunnlag for utrekningar	2012	2011
Diskonteringsrente	4,20 %	3,80 %
Forventa lønsvekst	3,50 %	3,50 %
Vekst grunnbeløp folketrygd	3,25 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	2,48 %	2,48 %
Forventa avkastning fondsmiddel	4,00 %	4,10 %

### NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, eigedeler og driftstap. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovedbygg og verkstad er kr. 85.490.405. For våre andre eigedommar var premiegrunnlaget i 2012 totalt kr. 17.328.208.

	BYGNINGAR		
	Trinn 1	Trinn 2	Sum
Bokført 01.01.12	18 511 918	15 979 718	34 945 181
Tilgang 2012	0	0	
Kostpris 31.12.12	18 511 918	15 979 718	34 945 181
Tot.nedskr. pr. 31.12.12	18 511 918	15 979 718	34 945 181

Varige driftsmiddel i tabellen er hovedsakleg finansierte med offentlege tilskot, ført som frådrag i anskaffelseskostnad og gir nedskrivne verdi lik 0. Avskriving over levetida og tilsvarande inntektsføring av tilskot, ville gi samme driftsresultat. Eigedom som er finansiert med offentlege middel er det ikkje grunnlag for å pantsetta. Den kan heller ikkje omsettast i den vanlege eigedomsmarknaden.

	Inventar/ utstyr	EDB-utstyr/ system	Transport- middel	Bygg og anlegg	Sum
Bokført 01.01.12	2 123 760	685 716	200 121	352 119	3 361 716
Tilgang 2012			472 721		472 721
Avgang 2012					0
Ord. avskriving	266 728	532 394	127 209	130 956	1 157 287
<b>Bokført 31.12.12</b>	<b>1 757 032</b>	<b>153 322</b>	<b>545 633</b>	<b>221 163</b>	<b>2 677 150</b>

Jærmuseet nyttar kr. 50.000,- som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskriving.

## Noter

### NOTE 7 – KJØPTE TENESTER

---

Innleidt arbeidskraft Science Circus	216 000
Arkitekttenester prosjekter	188 557
Resepsjonsteneste Garborgsenteret	176 282
Organisasjonskonsulent	164 833
Vakthald temamuseum	115 478
Prosjektfinansierte tenester	80 468
Konsulent administrative system	63 145
Rekneskap- og revisjonshonorar	62 712
Postbod	40 682
Leigearbeid jordbruk	8 352
Diverse tenester	31 415
	<b>1 147 924</b>

**Godtgjersle til revisor:**

Av totalt kr.62.712,- er rekneskapsrevisjon kr.54.737,- resten gjeld attestering og rådgjeving.

### NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER

---

Publikasjonar/dokumentasjon	303 555
Møteutgifter/representasjon/gåver	210 295
Utteg med refusjon	174 664
Kostnader gardsdrift	151 526
Kontingentar	121 707
Bankgebyr og valuta	39 395
Tap ved tjuveri	10 053
	<b>1 011 195</b>

### NOTE 9 – VARELAGER

---

Varelageret som består av ferdigvarer, er oppalt pr. 31.12.2012 og verdien er vurdert til inntakskost.

### NOTE 10 – BUNDNE MIDDEL

---

Av totale bankinnskot på kr. 85.609.067,- utgjer kr. 942.761,- bundne skattetrekksmiddel, ubrukte middel byggesteg 1 kr. 255.188,- og byggesteg 3 kr. 47.719.714,- Vidare er det kr. 20.696.476,- i bundne middel øyremerka konkrete prosjekt.

### NOTE 11 – Eigenkapital

---

Kr. 2.779.676,- av eigenkapitalen er sett på eigen konto og merka framtidig vedlikehald.



Til styret i stiftelsen Jærmuseet

Kopi: lotteri og stiftelsestilsynet

## REVISORS BERETNING

### **Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Jærmuseet som viser et overskudd på kr 2 047 537. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2012, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisionsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av den finansielle stillingen til stiftelsen Jærmuseet per 31. desember 2012 og av resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.



---

### **Uttalelser om øvrige forhold**

#### *Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnaksopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge,


#### *Konklusjon om utdelinger og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Stavanger, 25.02.2013  
Rogaland Revisjon IKS

*Cicel T. Arrestad*

Cicel T. Arrestad  
Revisjonsdirektør/  
statsautorisert revisor



#### BILETETEKST – FRAMSIDE

- [1] Teknikkens dag var ein av dei best besøkte aktivitetsdagane. I 2012 lånte Vitengarden ei bergningsvogn og ein kanon frå Rogaland Krigshistoriske Museum, noko som var populært for besøkande og tilsette. Foto: Jærmuseet.
- [2] Produkt frå Figgjo. Foto: Jærmuseet.
- [3] Laurdag 2. juni vart Heinkel HE 115 sjøfly lyfta opp frå Hafrsfjord. Foto: Jærmuseet.
- [4] Anniken Huitfeldt opna Garborgsenteret 5. september 2012. Foto: Jærmuseet.
- [5] I døypefonten på Garborgsenteret kan du leita etter visdom. Foto: Asle Haukland.



#### BILETETEKST – BAKSIDE

- [1] Mange små og store tok turen til skogdagen i Njåskogen. I samarbeid med Skogselskapet i Rogaland, Jæren Skoglag med fleire fekk publikum vera med på mange kjekke aktivitetar, også hyttebygging. Foto: Jærmuseet.
- [2] I overkant av vel 300 personar møtte opp klokka 04:00 på Observasjonsterrassen på Vitenfabrikken 6. juni for å få med seg Venuspassasjen. Det er 115 år til neste gong dette vil skje. Foto: Jærmuseet.

Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

Grafisk utforming: uniform og Linn Harbo Dahle

## - møtestad mellom natur, kultur & teknologi

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)



- 1 VITENGARDEN
- 2 VITENFABRIKKEN
- 3 TUNGENES FYR
- 4 NASJONALT GARBORGSENTER
- 5 GARBORGHEIMEN
- 6 KNUDAHEIO
- 7 HAUGABAKKA
- 8 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 9 KRIGSHISTORISK MUSEUM
- 10 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 11 VISTNESTUNET
- 12 GRØDALAND
- 13 LIMAGARDEN
- 14 HÅ GAMLE PRESTEGARD, [www.ha.kommune.no](http://www.ha.kommune.no)

JÆRMUSEET sitt hovedkontor ligg på Vitengarden, Nærø. Besøksadresse hovedkontor: Kviategen 99, Kvia, Nærø Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærø T: 51 79 94 20, F: 51 79 94 21 Epost: [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)

VITENGARDEN | Kviategen 99, Kvia, Nærø. T: 51 79 94 20, epost: [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)

VITENFABRIKKEN | Besøksadresse: Storgata 28, Sandnes Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærø T: 51 97 25 40, epost: [sandnes@jaermuseet.no](mailto:sandnes@jaermuseet.no)

